

Referat frå foreldremøte

3. og 4. klasse 2019-20

Austebrygd skule torsdag 19. september kl. 17:30-18:30

Saker:

Elin fortalte om starten på skuleåret, om klassemiljøet og korleis elevgruppa fungerer i vennskap og arbeid. Dei er positive og aktive og deltar i dei aktivitetar dei vaksne set i gang. Når det oppstår konfliktar, vert dei ofta løyste på skulen gjennom samtalar med og mellom elevane. Ved behov vert foreldre informerte om det på telefonen i etterkant.

§9a seier at alle skal ha det trygt og godt på skulen. Det vert arbeidd systematisk med sosial kompetanse. Me har vennetimen kvar tysdag. Då har me samtalar, øvingar og 'zikar som fremjer sosiale evner og eigenskaper. Klassen er ekstra positive når me brukar leik og gymsalen til dette arbeidet.

Foreldregruppa drøfta kva dei kan bidra med for å styrkja samhaldet og trivselen mellom elevane i klassen vår. Det kom fram at elevane er svært aktive i fritidsaktivitetar både ettermiddagar og med kampar m.m. i helgene. Det kom forslag om ein tur i skogen med grillmat og leik i haust og ein spontan leikedag på bakkane hjå Lygren viss snøen kjem på nyåret. Klassekontaktane sender melding til foreldra om når dette skjer.

Elin fortalte om at skulen har to satsingsområde for elevane. Det er «Lesing» og «Motivasjon». På desse to område vil me gjerne gjera det betre. I vår klasse har me lesegrupper no i starten, med tett oppfølging og tilpassa vanskegrad til kvar elev. For å vera motivert er det viktig å få det til, at det ikkje er for vanskeleg. Og så er det viktig å øva. Me har også brukt elevane sine interesser i arbeidet, for det er lettare å læra det ein er interessert i.

Samarbeid mellom heimen og skulen er svært viktig. Begge partar ønskjer at saker vert tatt opp etter kvart og at det er lett å ta ein telefon om det er noko ein tenkjer på om eleven. Det vert samtaletimar i slutten av oktober og då kan de lesa undervegsvurderingar i Visma(logg inn med bankID).

Elevane har gjort mykje skullearbeid på pc. Dei har lært å skriva og lagra og finna att Word-dokument. Dei har lært å søkje, lagre og lime inn bilete og tekst

i dokumentet. Dei har lært noko om kjelder og redigering av tekst dei låner. Og dei brukar Multi smart øving på www.spiroo.no Dei skal også øve heime.

Etter 4. trinn er det fag- og læringsmål i fagplanen. Hausten i 5. klasse vert elevane prøvde i kor langt dei har kome ved dei nasjonale prøvane i lesing, rekning og engelsk. De kan lesa meir på www.udir.no

Det er også krav i symjing som bl.a. er å kunna symja 200m utan pause. Me skal ha symjeundervisning fram til advent. For nokon elevar vert det for lite tid for å nå dette målet. Elin bed difor om at foreldre tar borna med i symjehallen og over på dykking, flyting, symjetak og å symja lengder.

Elin Nøttveit